

356. Liv Kari Eskeland (Reply)

Me deler nok den same felles målsettinga om ein fossilfri luftfart der framme, det er berre det at me har ein reservasjon mot å peika på teknologiane som skal brukast, sånn som Nordisk Grønt Venstre her peikar på. Me håpar å få forsamlinga med oss på ikkje å peika på teknologiar, men å vera generelle, slik at me sørgjer for at òg andre teknologiar kan vinna fram, og at el, som me i Noreg har satsa på, får like gode vilkår innan forskning og utvikling som det biobrensel får. Takk.